



## PRAKTISK- PEDAGOGISK UTDANNING I DANS PRAKTISK- PEDAGOGISK UTDANNING I TEATER OPPTAK TIL STUDIEÅRET 2018/2019

### OBLIGATORISK SØKNADSVEDLEGG

Søknadsfrist: 3. april 2018

Fyll ut vedlegget elektronisk, lagre det (som «PPU i dans og teater 2018-soknadsvedlegg.pdf») og last det opp i SøknadsWeb: <https://sweb.no/soknadsweb/login.jsf?inst=khio>

Les søknadsrettleiinga på side 2–4 grundig før du fyller ut dette søknadsvedlegget.

#### Personopplysningar

Etternamn	Fornamn (og mellomnamn)	6-sifra søkjarnummer*
-----------	-------------------------	-----------------------

\*Søkjarnummer finn du i e-postkvitteringa du får etter å ha registrert deg på SøknadsWeb

#### Norskkunnskapar (sjå rettleiing på side 3)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltok du på norskkurs for tida, eller kan du dokumentere norskkompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

#### Engelskkunnskapar (sjå rettleiing på side 3)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltok du på engelskkurs for tida, eller kan du dokumentere engelskkompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

#### Bachelorgrad (eller tilsvarande)

Grad/utdanning	Lærestad	Tidsrom (år start – år slutt)
----------------	----------	-------------------------------

#### Eg søker om opptak til følgjande studium:

Praktisk-pedagogisk utdanning i dans	
Praktisk-pedagogisk utdanning i teater	

#### Eg søker på bakgrunn av (set kryss):

Fullført bachelorgrad i utøvande eller skapande dans eller utøvande eller skapande teaterfag. Det er krav til minimum 180 studiepoeng dansefag eller teaterfag.	
---	--

#### Tidlegare utdanning (ver vennleg og fyll ut, ikkje vis til CV):

Namn på skulen:	Studieretning:	Grad/omfang:	Tidsrom:

#### PRIORITERING. Gjeld berre for søkjarar til PPU i dans.

Eg ønskjer i prioritert rekkefølge fordjuping i følgjande fagdidaktiske modul: sett 1, 2 og 3

Jazzdans	
Klassisk ballett	
Samtidsdans	



Har du søkt PPU-studium ved Kunsthøgskolen i Oslo tidlegare, ver vennleg å oppgi år og studium:

Dette skjemaet og andre vedlegg skal lastast opp på SøknadsWeb. Sjå rettleiing til søknad om opptak for meir informasjon om kva for vedlegg som skal følgje søknaden, korleis du registrerer deg og lastar opp dokument.

### Sjekkliste

**Eg har lasta opp følgjande dokument i SøknadsWeb (set kryss):**

Sjå rettleiinga for nærmare informasjon.

Kryss av	Dokument	Filnamn	Format	Dokumentkategori i SøknadsWeb
	Søknadsvedlegg (dette dokumentet)	PPU i dans og teater 2018-soknadsvedlegg.pdf	PDF	Andre dokument
	Dokumentasjon av bachelorgrad eller tilsvarande	Vitnemål-bachelor.pdf	PDF	Vitnemål/ karakterutskrift
	Dokumentasjon av norskkunnskapar	Norsk.pdf	PDF	Andre dokument
	Dokumentasjon av engelskkunnskapar	Engelsk.pdf	PDF	Andre dokument
	Eit representativt portrettbilde av deg sjølv	Portrett.jpg	JPEG	Andre dokument
	CV	CV.pdf	PDF	Andre dokument
	Stadfestingar, attestar, kontraktar o.l.	Bekreftelse.pdf	PDF	Andre dokument
	Grunngiving	Begrunnelse.pdf	PDF	Andre dokument

### Erklæring

I det du søker, erklærer du samtidig at all informasjon som du har registrert, er korrekt, og at dokumenterte arbeid og andre dokument er dine egne. Vidare erklærer du at e-postadressa som du har oppgitt på SøknadsWeb, blir lesen av deg. Du er ansvarleg for å lese det som blir sendt av opptaksinformasjon frå Kunsthøgskolen i Oslo til denne e-postadressa.

## SØKNADSRETTLEIING

For å søkje på studiet må du registrere deg på nettportalen SøknadsWeb:

<http://khio.no/intranett/for-studenter/studieinformasjon/veiledning-til-soknadsweb>

### Opptakskrav

Opptak til PPU i dans/teater skjer på grunnlag av ei totalvurdering basert på godkjende opptakskrav. I tillegg blir søkjarane rangerte basert på den faglege kompetansen som kvar enkelt student viser ved opptaksprøve, kor eigna studenten er, og samansetninga i studiegruppa. Søkjaren må dokumentere kommunikative ferdigheiter i norsk (eller anna nordisk språk).

Krav til opptak for PPU i dans er:

Ein bachelorgrad i utøvande eller skapande dans med minimum 180 studiepoeng dansefag.

Studiet krev at studentane har forkompetanse i danseteknikkane klassisk ballett, jazzdans og samtidsdans.

Krav til opptak for PPU i teater er:

Ein bachelorgrad i utøvande eller skapande teaterfag med minimum 180 studiepoeng teaterfag.

Informasjon om opptaksprøvene blir sende til e-postadressa som er oppgitt på SøknadsWeb. Søkjaren er sjølv ansvarleg for å lese det som blir sendt av opptaksinformasjon frå Kunsthøgskolen i Oslo til denne e-postadressa.

### For begge studieretningar

Rangering skjer i forhold til andre søkjarar etter ei skjønsmessig vurdering, der følgjande forhold blir spesielt vektlagde:



- Utdanning: omfang og nivå
- Kunstnarisk erfaring: omfang og nivå
- Undervisningserfaring: omfang og nivå
- Motivasjon, grunngiving for å søkje studiet
- Behov for formell undervisningskompetanse
- Opptaksprøven

I tillegg kan det bli sett på størrelsen på og samansetjinga av gruppa, spesielt med tanke på kjønn og mangfald i forskjellige retningar innanfor danse-/teaterkunsten.

### Undervisningsspråk

Undervisningsspråket er norsk. Søkjarar med utdanning frå land utanfor Norden må dokumentere norskkunnskapar på nivå med bestått eksamen frå trinn 3 i norsk for utanlandske studentar ved universiteta eller bestått Bergenstest. Søkjarar kan dokumentere norskkunnskapar på annan måte enn det som er nemnt over.

Viss du fullfører bachelorgraden i søknadsåret, må du sende inn, via e-post, ei karakterutskrift som viser kor langt du er komen i studieløpet ditt. I tillegg må du, via e-post, sende inn ein skanna kopi av vitnemålet når du har oppnådd graden, seinast 1. juli 2017. Dersom vi ikkje får ei slik stadfesting, vil ein eventuell studieplass gå til ein kvalifisert søkjar.

### Norskkunnskapar

Undervisninga føregår normalt på norsk. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn (bachelorgrad, vidaregåande skule eller grunnskule) frå nordiske land, treng ikkje leggje fram ytterlegare dokumentasjon på norsk språkkompetanse.

Søkjarar med utdanningsbakgrunn utanfor Norden må dokumentere at dei meistrar norsk.

Språkkunnskapar i norsk kan dokumenterast med Bergenstesten, <http://www.folkeuniversitetet.no/>, eller med norsk for utlendingar frå universiteta.

Det er òg mogleg å dokumentere norskkompetanse på annan måte enn det som er nemnt over.

Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp, på side 1.

### Engelskkunnskapar

Undervisninga kan også føregå på engelsk, og det er derfor ein føresetnad at søkjarar meistrar engelsk. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn frå nordiske land eller frå engelskspråklege land, treng ikkje leggje fram ytterlegare dokumentasjon på engelsk språkkompetanse.

Språkkunnskapar i engelsk kan dokumenterast med f.eks. IELTS, <http://www.ielts.org/>, eller TOEFL, <http://www.ets.org/toefl>.

Det er òg mogleg å dokumentere engelskkunnskapar på annan måte enn det som er nemnt over.

Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp, på side 1.

### Utdanningsbakgrunn

All utdanning skal dokumenterast. Utdanning du er i gang med no, skal dokumenterast med stadfesting frå studiestaden.

Søkjarar med utanlandsk utdanningsbakgrunn må sjølv dokumentere at dei oppfyller opptakskriteria. I tillegg til vitnemål/karakterutskrift trengst det bekrefta forklaring på karaktersystemet, gradsoppbygginga og poengsystemet ved lærestaden, og dessutan stadfesta kursbeskrivingar/original studiekatalog. Alle dokument som ikkje er skrivne ut på norsk, svensk, dansk eller engelsk, må omsetjast til eit av desse språka av statsautorisert translatør eller av ei offentleg tolketeneste.

Kandidatar som blir tilbydde studieplass og fullfører utdanning dette skuleåret, skal ettersende vitnemål så snart det ligg føre, og seinast 1. juli. Ikkje send originalar.

### Motivasjon/ Grunngiving

Alle kandidatar må grunngi søknaden sin på eit eige vedlegg, maks 1 A4-side. Grunngivinga kan/bør innehalde svar på følgjande spørsmål:

- Kva er din motivasjon for å søkje studiet?



- Kva for forventningar har du til studiet?

### **Prioritering**

Søkjalar til PPU i dans må prioritere ønska sine om fagdidaktiske modular. Kunsthøgskolen tek atterhald om igangsetjing av kvar enkelt modul.

**Søknader som er mangelfullt utfylte, blir ikkje behandla.**

### **Politiattest**

Kandidatar som får tilbod om studieplass, må vise fram politiattest.

### **Tidspunkt for opptaksprøvene**

Kvalifiserte søkjarar kan bli innkalla til praktisk prøve/samtale i samband med opptak. Opptaksprøvene for PPU vil bli gjennomførte 7. mai (dans) og 9. mai (teater) 2018. Du må vere tilgjengeleg heile dagen. Nøyaktig tidspunkt for dei ulike prøverundane, program og praktisk informasjon går fram av innkalling til opptaksprøvar.

### **Korleis søkje**

Viss du vil søkje om opptak, må du først registrere deg på SøknadsWeb. Når du registrerer søknaden din, legg du først inn personopplysningar, deretter vel du opptak og til slutt studium. Du lagar også din eigen personlege PIN-kode som du må bruke kvar gong du loggar deg på SøknadsWeb. Når du har registrert deg på SøknadsWeb, får du ein stadfestande e-post med søkjarnummeret ditt. Dersom du ikkje får ei slik kvittering, har søknaden truleg ikkje blitt registrert i datasystemet vårt. Prøv i så fall på nytt

I tillegg til å registrere deg må du laste opp følgjande dokument på SøknadsWeb:

- Søknadsskjema
- Grunngeving for kvifor du søkjer PPU, og eventuelle framtidsplanar (maks 1 A4-side)
- CV
- Vitnemål
- Stadfestingar, attestar, kontraktar o.l.
- Portrettbilde

### **Dokumentopplasting**

For at søknaden skal vere fullstendig, må du laste opp eit sett med dokument. Last desse opp under *Mine dokument* i SøknadsWeb. Sjå detaljar i sjekklista på side to og i rettleinga på side tre.

Når du lastar opp dokument, blir du bedd om å oppgi frå-dato og til-dato. Dette er først og fremst meint for utdanning. Når det gjeld andre dokument, for eksempel det obligatoriske søknadsvedlegget og dei kunstnariske arbeida, kan du setje datoen då fila sist blei endra. Det er berre frå-datoen som er obligatorisk, dette er markert med ei raud stjerne. Obs: Datoen må vere eldre enn dagens dato.

Du kan logge deg på fleire gonger og leggje til ny informasjon og laste opp nye dokument heilt fram til og med søknadsfrist-datoen. Når søknadsfristen har gått ut, kan du ikkje lenger endre noko i søknaden din.

Obs! På grunn av potensiell ustabilitet i alle typar nettenester ber vi deg laste opp dokumenta dine så fort du kan, ikkje vent til nokre timar eller minutt før fristen går ut. Skulle SøknadsWeb vere nede på eit tidspunkt, prøv igjen om ei stund.

### **Kvittering på e-post**

Sjekk at du får ei kvittering til e-postadressa du oppgav, og les henne grundig. Her finn du søkjarnummeret, som skal førast på det obligatoriske søknadsvedlegget (nedlastbar PDF). Dersom du ikkje får kvittering, har søknaden truleg ikkje blitt registrert i datasystemet vårt. Prøv i så fall på nytt.

Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Facebook: <https://www.facebook.com/KunsthogskoleniOslo>

Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Twitter: <https://twitter.com/khiotweet>